



HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Sekretariat for kontrollutvalet

- 2 JUL 2018

Hordaland Fylkeskommune

Sekretariatet for Kontrollutvalet
Postboks 7900

5020 Bergen

Bergen, 27. juni 2018

Dykkar ref.: 2016/9439-21

Vår ref.: 2018/023-1/PWL/am

Cc/teatersjef Solrun Toft Iversen

Ad: Partsbrev – handlingsplan - selskapskontroll av Hordaland Teater LL

Vi visar til revisjonsrapport, vedtak i Fylkestinget, brev av 27.06.2017 og brev av 06.11.2017 i sak PS 115/17. Etter møte i kontrollutvalet 30.10.2017 er følgjande vedtak sendt over til Hordaland Teater,

3. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som styret/dagleg leiar har sett i gang i høve selskapskontroll av Hordaland teater LL.

4. Kontrollutvalet anmoder om å få ny oppdatert status i form av skrifileg tilbakemelding innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbettingspunktata.

Hordaland Teater har følgt den handlingsplanen som vart sendt inn etter styremøte i september 2017. Handlingsplanen har og vorte utvida med dei saker som teateret i tillegg har jobba med siste år, først og fremst rutinar for varsling og rutinar/eigenkontroll knytt til GDPR (General Data Protection Regulation) – personvernddirektivet. Oppfølging av dei enkelte punkta i handlingsplanen er handsama i teateret sitt styre, seinast i styremøte 25. juni i år. Tekst markert med **blått**, i tillegg til punkta som er markert som «gjennomført» i tabellane, markerer oppfølginga av handlingsplanen.

Aksjonspunkt HOT

1.

Gjennomgå styrande dokument og instruksar og sikre at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønskjer.

Styrande dokument som er aktuelle,

- Vedtekter
- Styreinstruks
- Stillingsinstruksar
- Organisasjonskart

Tiltak	Ansvarleg	Gjennomført
Gjennomgang av dokumenta for å sikre at dei er eintydige	Administrasjonen	1. desember 2017
Kome med forslag for endring	Administrasjonen -> Styrevedtak	desember – juni 2018

Følgjande dokument er gjennomgått og vert kommentert:

a) Vedtekten

Vedtekten er gjennomgått og revidert. Nytt punkt om valkomité er ført inn i vedtekten og vedtatt av Generalforsamling 17. april 2018

b) Styreinstruks

Styreinstruksen er gått gjennom og revidert i styremøte 09/16, 19. desember 2016. Styret ser ikke grunn til ytterlegare endringar.

c) Stillingsinstruksar

Teatersjef og direktør har sett gjennom sine stillingsinstruksar frå høvesvis 19. desember og 22. juni 2016. Etter å ha arbeid etter dei i 13 månadar har teatersjef og direktør ikkje oppdaga område som ikkje fungerer eller punkt i stillingsinstruksane som er i innbyrdes motstrid eller uklåre. Stillingsinstruksane er og i tråd med det som er vanleg ved dei fleste norske teater. Styret sluttar seg i møte 25. juni 2018 til denne konklusjonen.

d) Organisasjonskart

Organisasjonskartet vart endra i styremøte 07/16, 15. september 2016. Kartet vart revidert i september 2017, etter tilføring av ny salsleiar. Før september 2016 var produksjonsleiar og teknisk leiar administrativt underlagt direktør. Administrasjonen har registrert at den nye organiseringa legg stort administrativt og personalmessig ansvar på teatersjefen. Dette har ikkje vore heilt hensiktsmessig i ein organisasjon med få kunstnarlege ressursar i staben. Ei anna organisering, med større personalmessig ansvar liggande på direktør, kan vere formålstenleg. Teatersjefen er framleis øvste ansvarleg for personalpolitikken. Eventuelle endringar i rapporteringsvegar og organisasjonskart vil bli løpande evaluert.

2.

Sikre etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbeteringar i styrearbeidet.

Tiltak	Ansvarleg	Gjennomført
Gjennomføre styreevaluering	Styret	5. desember

Styret gjennomførde ei styreevaluering i styremøtet 5. desember 2017, sak 50/17.

Styret evaluerte då sitt arbeid knytt opp til 4 tema:

- 1) Generelt inntrykk av styrearbeidet
- 2) Evaluering av styremøta
 - a. Styreførebuingane og sakspapir
 - b. Gjennomføring av møta
 - c. Møteleiinga
- 3) Styret sin kompetanse
 - a. Eigen kompetanse
 - b. Kompetanse øvrige styremedlemmer
- 4) Eigen motivering for styrearbeidet i Hordaland Teater

Styret har og initiert ein prosess for å opprette ei nemnd for val av styremedlemmar i Hordaland Teater. Det har vore ein dialog med eigarane om dette og valnemnda er etablert i Generalforsamlinga i april 2018. Valnemnda vil i sin tur få ei melding frå styret når det er aktuelt med val av nye medlemmer. Meldinga vil innehalde dei ønskje styret har for representativitet når det gjeld eigrarar, kjønn og kompetanse.

3.

Ha ei risikostyring som er tilpassa føremålet for verksemda.

Dei viktigaste risiki som er identifisert i handlingsplanen er,

- kunstnarleg risiko
- økonomisk risiko *)
- personellmessig risiko *)
- politisk risiko
- Helse, Miljø og Tryggleik *)
-

Punkta med stjerne er der ein etter vår mening treng å utvikle/revidere dokument for risikostyring.

Tiltak	Ansvarleg	Gjennomført
Skrive eit risikodokument, Gjennomføre ei heilskapleg risikovurdering	Administrasjonen	Del 1: Ta i bruk ein gjennomgåande mal for risikovurdering og gjennomføre ei evaluering
Utvikle/gjennomgå rutinar der det er naudsynt *)	Administrasjonen	Mai/juni 2018

Hordaland Teater har tatt i bruk ein mal for å utvikle eit risikodokument. Malen tar utgangspunkt i ei beskriving av kva for risiko ein har identifisert, kva for konsekvensar det kan ha og sannsynlegheita for at det skal skje. I dokumentet vil ein liste opp kva organisasjonen gjer, eller kan gjere for å unngå at dei risiki med store konsekvensar og relativ høg frekvens kan unngåast.

Eksemplar på utfylling av desse er lagt ved. Området Helse, Miljø og Tryggelik omfattar to typar av risiko, intern risiko knytt til eigne tilsette og innleid personell og det vi har kalla ekstern risiko som gjeld publikum og handtering av risiko i dei områda der publikum møter teateret. Avdekking av risiko knytt til det siste området heng saman med teateret sine beredskapsplanar som er nemnd nedanfor. Sjå elles vedlegg.

4.

Gjennomgå behovet for overordna rutinar (basert mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbetring av rutinar innanfor følgjande område:

- økonomi
 - offentlege anskaffingar
 - personalområde
 - handsaming av avvik
- ✓ økonomi
- Økonomirutinane er reviderte, så vedlegg
- ✓ offentlege anskaffingar
- Hordaland Teater er meir enn 50% offentleg eigd og følgjer Lov og forskrifter om innkjøp i offentleg sektor. Tilsette har vært kursa i dette både av selskapet Inventura og av Kultur Vest dei seinare åra. Innkjøp over terskelverdiane (til dømes innkjøp av arkitekttenester for ombygging, det mindre ombyggingsarbeidet og anskaffing av nytt billettsystem) er handtert i tråd med dette. Det er laga eit dokument med dei viktigaste referansen og terskelverdiane (sjå vedlegg).
- ✓ personalområde
- Hordaland Teater er medlem av arbeidsgjevarorganisasjonen Spekter og følgjer dei tariffavtalane som er framforhandla og gjeldande for vår sektor. Desse avtalene er tilgjengelege på nettet for både arbeidsgjevar og arbeidstakar. Spekter legg alle sine avtalar ut på Compendia som er ein web-basert personalhandbok. Hordaland Teater har so langt ikkje skrive ei eigen personalhandbok. Vi går inn i eit arbeid der vi skal sjå nærrare på behovet for lokal avtale, og vil i samband med det vurdere å lage ei eigen personalhandbok for teateret.
 - Hordaland Teater utarbeida i 2016 ei eigen omfattande rutine for varsling. I lys av #Metoo-kampanjen har teateret utvida sine rutinar på dette området. Det inneber

at varslingsrutinar er kome med i alle tilsetjingsavtaler, og det vert opplyst om det munnleg til både faste og midlertidige tilsette.

- ✓ GDPR – personverndirektivet
 - Personverndirektivet omhandlar alle typar persondata knytt til ein person; namn, e-post adresse, kontonummer, personnummer, bilette, etc. Personverndirektivet gjeld alle som har slike data knytt til teateret som personaldata, publikumsdata, billettkjøparar, mm. Personvernerklæring er etablert (vedlegg) og alle typar av handlingar knytt til personalarkiv, heimesida og nyhendebrev er gjennomført innan fristen 1. juli 2018.
- ✓ handsaming av avvik
 - Organisasjonen har dokument for handsaming av avvik innan personalområde og rapportar knytt til framsyningar. Teateret vil utarbeide beredskapsplanar og fleire dokument for internkontroll. Her vil og dokumenter og protokollar for avvik inngå.

Utvikling av organisasjonen er ein kontinuerleg prosess. Styret fatta følgjande vedtak 25. juni:

Styret seier seg nøgd med det arbeidet som har vore gjennomført som svar på tilsynsrapporten so langt, og sluttar seg til dei konklusjonar som er lagt fram av administrasjonen. Styret vil samstundes poengtare at arbeidet må fortsette på dei områda der det framleis står att arbeid. Styret ber om ei oppdatering til styremøte i desember 2018.

Vi meiner med dette at vi har gjennomført rapportering i høve til det oppdraget vi har fått frå Kontrollutvalet/Fylkestinget.

Beste helsing
Hordaland Teater LL

Pål W. Lorentzen (sign.)
Styrelseiar



Atle Maroen
Direktør

VEDLEGG